

Aftenposten
5/5-93

103172

General Fleischer

Vitnemål om mistillit

*Av Olav Riste, Institutt for
Forsvarsstudier*

Olav Ravns innlegg om general Carl Gustav Fleischer på Aftenpostens debattside 30. april er, trass i dei harde ord mot meg i overskrifta og ingresen, for det meste ein hyllest til Fleischer som eg godt kan slutte meg til. Heilt til slutt tek Ravn likevel opp eitt punkt frå min artikkel, nemleg britiske instansars manglande tillit til Fleischer og hans stab. Ravn «provoserer» meg til «å legge frem de dokumenter som underbygger denne påstand».

Ravn kjenner tydelegvis ikkje tobandsverket mitt om «London-regjeringa» der eg i første bandet (som kom i 1973) har gitt ei utførleg behandling av heile denne saka — i kapitlet «Forsvarsleiinga i smeltingen» (s. 156–174). Eg vil spesielt vise til s. 171–172 og dei referansar som der er gitt. Meir om dette vil Ravn kunne finne i Innstilling nr. VI frå Undersøkelleskommissjonen av 1945, og i Sverre Kjeldstadlis arbeid «Hjemmestyrkene». Til saman blir dette ei heil rekkje vitnemål.

Dersom eg her skulle «legge frem» dette kjeldetilfanget, måtte eg ha fleire nummer av Aftenposten til disposisjon. La meg igjen understreke at eg ikkje tar stilling til i kor stor grad Fleischer og hans stab «hadde skulda for» denne manglande tillit hos dei britiske instansane som hadde med Norge å gjere. Men når den norske regjeringa mottok så mange vitnemål om at ein slik mistillit faktisk eksisterte, måtte den gjennomføre dei person- og organisasjonsendringar som situasjonen syntest å krevje.